

Plenum i Europaparlamentet 10. – 13. februar 2020

Innberetning fra Per S. Nestande, Stortingets Brusselkontor

13. februar 2020

- Europaparlamentet ynskjer frihandel med Storbritannia, men er set krav om mellom anna like konkurransevilkår og semje om fisk
- Europaparlamentet godkjente frihandelsavtalen med Vietnam
- Europaparlamentet ynskje ein auke i EUs langtidsbudsjett mellom anna for å kunne auke innsatsen for grønt skifte og oppmodar EUs stats- og regjeringsjefar om å bli samde på det ekstraordinære toppmøtet 20. februar.
- Europaparlamentet sa nei til eit framlegg om å skrote ei liste med strategiske prosjekt som omfatta gassprosjekt og bad sentralbanken om å føre ein politikk som støtter opp om måla i Paris-avtalen
- Det var møte i den arktiske parlamentarikarkomiteen og det er planar om høyring om Arktis i Europaparlamentet seinare i vår
- I forkant av FNs Kvinnekommisjon ber Europaparlamentet EU stå samla i kampen mot forsøk på å undergrave kvinners rettar.
- I ein debatt om Syria sa EUs utenrikssjef at EUs rolle som geopolitisk aktør er avhengig av at EU er villige til å handle og har middel til å gjøre det
- Europaparlamentet ber om rettferdig og trygg bruk av kunstig intelligens

Europaparlamentet har nå 705 medlemmer

Europaparlamentet møttes for fyrste gong etter brexit denne veka. Parlamentet har gått frå 751 til 705 medlemmer (MEP) og den relative storleiken mellom gruppene er noko endra. 73 britiske MEP har trådd ut av Europaparlamentet og 14 andre EU-land har fått frå 1-5 nye MEP. [Sjå heimesida til Europaparlamentet for oversikt over alle MEP](#) og oversikt over [fordelinga mellom dei ulike gruppene](#). Ytre høgre gruppa Identitet og demokrat har gått frå å vere femte til å bli fjerde største gruppe og dei grøne har rykka ned på femteplass. Sentrum høgre-gruppa EPP hadde ingen britiske medlemmer og fekk fem nye. Den har derfor relativt sett styrka seg, men omfattar samstundes MEP frå det det ungarske regjeringspartiet som er suspendert frå EPP.

Like konkurransevilkår eit vilkår for full frihandel med Storbritannia

Europaparlamentet står nesten samla om hovudprioriteringane for dei kommande forhandlingane mellom EU og Storbritannia om det framtidige tilhøvet. [Ein resolusjon med Parlamentets](#)

[prioriteringar](#) vart vedteke med 543 mot 39 røyster og 69 som var fråhaldande i avrøystinga. Ikkje minst er MEP opptatt av like og rettferdige konkurransevilkår. EU er villig til å tilby ein frihandelsavtale med nulltoll og ingen tollkvotar, men dette er avhengig av likeverdige standardarar og politikk for sosiale tilhøve, miljø, arbeidsmiljø, statsstøtte og konkurransepoltikk. Parlamentet er opptatt av at om ikkje Storbritannia følgjer EUs veterinarstandarar, kan ikkje sensitive sektorar vere del av avtalen. Europaparlamentet seier ein avtale er avhengig av semje om fiskeri i juni 2020 og viser til at den spanske regjeringa vil måtte godkjenne tilhøve som knyter seg til Gibraltar. I debatten var det mange som understreka at den indre marknaden må sikrast og at det er viktig at EU står samla i forhandlingane.

Innlegga til det kroatiske formannskapet og Kommisjonspresident Ursula von der Leyen viste at det så langt er stor grad av semje internt i EU også i denne fasen av forhandlingane med Storbritannia. Von der Leyen sa seg glad for at Storbritannia har signalisert at landet ynskjer å vere leiande i frihandel. EU og Storbritannia har dermed felles interesser i ei verd der mange utfordrar dei globale handelssistema. EU er villig til å tilby nulltoll og kvotefri handel. Dette har EU aldri opna for tidlegare og ei slik løysing krev gjensidige garantiar om rettferdige vilkår for konkurransen. Med eit lite hint av ironi sa kommisjonspresidenten seg overraska over at Boris Johnson hadde trekt fram EUs Australia-avtale som ein mogleg modell for det framtidige tilhøvet. Ho viste til at EU og Australia ikkje har noko avtale og at handelen med Australia skjer på WTO-vilkår. Dette er ikkje veldig ambisiøst, men EU vil sjølvsagt respektere dette om det er det Storbritannia ynskjer.

Det kroatiske formannskapet sa målet er å vedta forhandlingsmandatet på møtet i det årmenne rådet 25. februar. Det er stort tidspress på forhandlingane ikkje minst fordi Storbritannia ikkje ynskjer å forlengje overgangsperioden. EU vil respektere dei rauda linene Storbritannia har sett og EUs ambisjonar må reflektere dette. Samstundes legg EU vekt på at vilkåra i utmeldingsavtalen må etterlevast og handhevast.

Jamvel om det er stor grad av samhald i EU, vart det denne veka kjent at EU-ambasadørane ennå ikkje er samde om mandat som formelt skal vedtakast av ministrane seinare i februar. Ambasadørane møtes igjen fredag 14. februar, men det er ikkje venta semje før neste veke. Det skal mellom anna vere ulike syn på kor ambisiøs teksten som omtaler like konkurransevilkår, skal vere.

Frihandelsavtalen med Vietnam godkjent

Europaparlamentet ga med 401 mot 192 røyster klarsignal til frihandelsavtalen mellom EU og Vietnam. Avtalen vil fjerne tollsatsar på stordelen av handelen til og frå Vietnam i løpet av ein tiårsperiode. Dei grøne og GUE/NGL tok til orde for å utsette avrøystinga fordi dei meiner avtalen ikkje godt nok tek omsyn til miljø og menneskerettar. Avtalen skal etter planen trå i kraft i sommar. Samstundes annonserte Kommisjonen at den vil fjerne tollpreferansar for Kambodsja etter gjentekne meldingar om seriøse og systematiske brot på menneskerettane i landet.

Europaparlamentet vil ha større EU-budsjett

Parlamentet [drøfta også EUs langtidsbudsjett](#) i forkant av det ekstraordinære toppmøtet for EUs stats- og regjeringsjefar i Brussel 20. februar. Fleirtalet ynskjer eit større EU-budsjett og viser til at

EUs ambisjonar ikkje minst knytt til det grøne skiftet, ikkje lar seg gjennomføre utan dette. Europaparlamentet ynskjer at EU skal ha eigne direkte inntekter (t.d. frå karboneskatt) og at det må etablerast ein rettsstatsmekanisme knytt til budsjettet. Parlamentet sa seg lei for dei fastlåste forhandlingane mellom medlemslanda og oppmoda rådsresident Charles Michel til å prøve å oppnå rask semje. Samstundes kritiserte mange at Michel ikkje deltok i debatten i Parlamentet om budsjettet.

Nei til å skrote gassrelaterte prosjekt

Europaparlamentet aviste onsdag med 443 mot 169 røyster over eit framlegg om å seie nei til Kommisjonens liste over såkalla prosjekt av felles interesse (PCI – project of common interest) fordi den omfattar fossile energiprojekt knytt til gass. Det var Dei grøne og GUE/NGL som ynskte å skrote lista og fekk støtte frå enkelte MEP frå den liberale gruppa (Renew Europe) og sentrum-venstre (S&D). Kommisjonen lova i forkant av avrøystinga av prosjekta ville bli vurdert i høve til dei overordna måla for det grøne skiftet. Resultatet vart kritisert av miljøorganisasjonar i Europa som meiner gass ikkje er ei grøn overgangskjelde for energi, men ei forureinande energikjelde som undergrev EUs klimaplakter.

Krav om grønare sentralbank

Sentralbanksjef Christine Lagarde og den europeiske sentralbanken, fekk melding å bli grønare og å styrke innsatsen for å handtere teknologiske endringar i finanssektoren i ein [resolusjon som vart vedteke med stort fleirtal onsdag](#). Parlamentet meiner mellom anna at politikken til sentralbanken må vere i tråd med måla med Paris-avtalen. Avrøystinga kom etter ein debatt med Lagarde tysdag ettermiddag.

Møte i den arktiske parlamentarikarkomiteen – planlagt høyring om Arktis i vår

Europaparlamentet var denne veka vertskap for eit møte i Den arktiske parlamentarikarkomiteen i Strasbourg (SCPAR) som blir leia av Eirik Sivertsen (A) frå Stortinget. Leiaren for Europaparlamentets utanrikskomité David McAllister (EPP, Tyskland), sa på møtet at det planlagt ei høyring om Arktis i komiteen seint i vår. Det har også vore planar om ein rapport om arktisk politikk i Europaparlamentet. Det er ikkje avklart om det blir ein slik rapport, når arbeidet med den eventuelle vil starte og i tilfelle kva komitear som vil engasjerer seg i arbeidet. Europaparlamentet vedtok sist ein resolusjon om arktisk politikk i 2017.

Viktig å hindra at utviklinga for kvinnernas rettar går i feil retning

Europaparlamentet vedtok med stort fleirtal ein [resolusjon om rettane for kvinner](#). Resolusjonen kjem i forkant av FNs Kvinnekommisjon i New York i mars. Det er viktig at EU står samla mot forsøk på å undergrave kvinnernas rettar. Parlamentet ynskjer tiltak for å styrke kvinnernas økonomiske og politiske stilling.

Situasjonen i Syria og andre utanrikssaker

Høgrepresentanten for utanrikssaker, Josep Borrell drøfta aktuelle saker med parlamentarikarane denne veka. Det omfatta den amerikanske fredsplanen for Midt-Austen, situasjonen i Syria, EUs Afrika-strategi og brot på sanksjonane mot Venezuela. Det var også ein debatt om situasjonen for flyktningar på EUs yttergrenser. I forkant av debatten har MEP både frå Dei grøne og sentrum-venstre (S&D) besøkt den kroatisk-kosovoske grensa for å sjå på tilhøva der. Dei grøne skulda EU og Kroatia for å vere meir opptatt av å presse flyktningar vekk enn av å respektere internasjonale plikter og menneskerettane. I debatten om Syria vart det lagt merke til at Borrell sa at EU i mange år har sagt det ikkje er noko militær løysing på konflikten der, men at det nå er nettopp det som skjer medan EU berre ser på. EU vil halde fram med å oppmode aktørane om å gje tilgang for nødhjelp og stanse kampane. Samstundes er erfaringane frå Syria-konflikten ein viktig lærdom for EU. For å vere ein geopolitisk aktør må EU vere villige til å handle og ha middel til å gjere det.

Rettferdig og trygt bruk av kunstig intelligens

Europaparlamentet tek til orde for rettferdig og trygg bruk av kunstig intelligens av omsyn til forbrukarane. Det omfattar at EUs sikkerheits- og ansvarsreglar må ligge til grunn, at algoritmane må vere balanserte og det er viktig å sikre at menneske i siste instans har kontrollen. Den liberale gruppa la mandag fram eit eige strategidokument om kunstig intelligens. Debatten i Europaparlamentet kjem i forkant av at Europakommisjonen har varsla ei melding om politikken for kunstig intelligens 19. februar.

Kommentar

Jamvel om ytre høgegruppa Identitet og Demokrati er den fjerde største gruppa, utgjer stadig dei tre største gruppene, sentrum-høgre (EPP), sentrum-venstre (S&D) og dei liberale (Renew) tyngdepunktet. Dei tre har vel 60 prosent av setene. Dei grøne er i mange saker samde med dei tre største gruppene, men ein del MEP frå dei tre største gruppene ser på dei grøne MEP som litt trulause alliansepartnarar. T.d. stemte Dei grøne altså saman med ytre venstre (GUE/NGL) mot frihandelsavtalen med Vietnam. Sesjonen denne veka bar elles preg av at det stadig er få nye framlegg frå Kommisjonen. Enkelte tema som vart debattert ville normalt ikkje ville fått plass i plenum. Ein del MEP gjev da også privat uttrykk for at dei ser fram til å kunne arbeide med konkrete lovsaker snart.

Med helsing

Per S. Nestande
seniorrådgjevar

Stortingets Brussel-kontor
internasjonal avdeling



Telefon: +47 23 31 36 11

Mobil: +47 917 68 598

E-post: psn@stortinget.no

www.stortinget.no